



Granvin ved Sandakaien ved eit tidlegare høve. Foto: Ola Matti Mathisen

**Det er kjekt å sjå det fine biletet av MS Granvin,  
teke av Hans Ordin Østebø,  
skriv Harald Sætre til oss og held fram:**

Eg kan nemna at MS Granvin kom frå Hardanger der båten har vore med på to arrangement. Fredag var det gjenopning av butikken på Ringøy. Ringøy var ein av dei første stoppeplassane MS Granvin hadde då den vart sett i i rutefart som lokalrutebåt og bilførande båt i 1931.


Laurdag var det reine 'Brudéfærden i Hardanger' då båten frakta eit brudepar i sin finaste stas med stort fylgje frå Lofthus til Graaten med retur.

Deretter gjekk turen (via Storsund) til Fitjar der MS Granvin kl. 12 frakta konfirmant med gjester til Bekkjarvik med retur. Og så gjekk turen til Bergen der nye oppdrag venta. Med andre ord, ein travel sesong er i gang for den gamle slitaren som no er freda av Riksantikvaren.

MS Granvin har ved fleire høve vore i Uskedalen. Den første turen etter at Veteransklaget Fjordabåten overtok båten var sommaren 1988. Då møtte Olav Myklebust fram på kaien for å sjå igjen gamlebåten sin.

MS Granvin og Bolinderen i 'kjellaren' var eit av dei første møte han hadde med sjømannslivet kunne han fortelja då. Bolinderen vart bytt ut i 1968 med ein Wichmann. Seinare vart det mange HSD-båtar for Olav, den siste var MF Skånevik som og er teken vare på.

**Harald Sætre**



Olav Myklebust og Granvin ved Sandakaien. Foto: Harald Sætre